



Notat

Dato: 15.12.2014
Arkivsak: 2014/13197-3
Saksbehandlar: oivbjor

Til: Kontrollutvalet

Frå: Øivind Rune Bjørkås

RS 68/14 Handlingsplan - forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga på kulturfeltet

Det vert vist til partsbrev av 05.11.2014 frå Kontrollutvalet, der det vert bedt om status for gjennomføringa av dei tiltaka som er skissert i handlingsplanen.

I løpet av hausten 2014 har det vore arbeid med gjennomføringa av planen. I samsvar med angitt gjennomføringstidspunkt har hovudinnsatsen vore knytt til tiltaka b og c. Dei andre punkta vil verte gjennomført som skildra. Under følgjer oppdatert status knytt til dei einskilde punkta.

Tiltak a. *Samla gjennomgang av tilskotsfeltet i løpet av 2015*

Kultur- og idrettsavdelinga legg opp til ein brei gjennomgang av tilskotsfeltet i løpet av 2015, i tråd med det som tidlegare er nemnt.

Tiltak b. *Utarbeiding/revisjon av nødvendige retningsliner/malar i kvalitetssystemet*

Det er utarbeidd lokale generelle retningsliner for sakshandsaminga. Retningslinene legg hovudvekta på forvaltningsrettslege reglar og fylkeskommunale retningsliner knytt til handsaminga av søknadar og klager på kultur- og idrettsfeltet. I tillegg til lov- og reglementskrav er det gitt retningsliner om utlysing, rapportering og evaluering m.m. Det er lagt vekt på å forklare dei omsyna som ligg til grunn for reglane, mellom anna med tanke på at dokumentet skal kunne ha ein funksjon som introduksjon.

Det har vore gjennomført ein gjennomgang av retningsliner for dei einskilde tilskotsordningane, og det er utarbeidd malar for tilsegnsbrev, avslagsbrev og førebels svar knytt til dei einskilde tilskotsordningane. I tillegg til å stetta lov- og reglementskrav er det lagt vekt på å utforme dokumenta så tydeleg som mogeleg. Førebels står att nokre malar knytt til seksjon for idrett og friluftsliv som vil verte slutført innan kort tid. Det er ikkje utarbeidd malar knytt til tildeling av spelemidlar til idrettsanlegg. Retningsliner og malar er lagt inn i kvalitetssystemet som lokale gjennomføringsdokument.

Tiltak c. *Avdelingsintern gjennomgang av og opplæring i forvaltningsrettslege rettsreglar hausten 2014/våren 2015. (eventuelt med tillegg av fylkeskommunale/eksterne kurs.)*

Opplæringa er lagt opp og leia av jurist i Kultur- og idrettsavdelinga. I handlingsplanen vart det opplyst at opplæringa skulle gå føre seksjonsvis. Vi har funnet det meir tenleg å gjennomføre tiltaket med

sakshandsamarar frå aktuelle seksjoner og støttepersonell samla. Ei slik innretting legg til rette for eit meir heilskapleg blikk på dei problemstillingane som vert tatt opp og gode felles drøftingar knytt til desse. Det har vore gjennomført to samlingar 26.11.2014 og 18.12.2014 der følgjande emne har vore gjennomgått :

1. Rettsgrunnlaget for fylkeskommunen og for tildelingar av tilskot (kommunelova, delegasjonsreglement mv.)
2. Viktige forvaltningsrettslige omgrep (vedtak, einskildvedtak, part m.m.)
3. Reglane om habilitet og korleis den einskilde føreheld seg til desse.
4. Reglar om saksførebuing (først om fremst plikt til utgreiing, krav til grunngeving m.m.)
5. Reglar knytt til handsaminga i Kultur- og ressurs utvalet
6. Reglar om oppfølging etter at vedtaket er gjort, (regler om underretting om tilsagn, avslag mv)
7. Handsaming av klagesaker
8. Reglar om omgjøring av vedtak utan klage (forvaltningslova § 35)
9. Reglar om selve avgjerda, ulovfesta regler om fritt forvaltningsskjønn og grensene for dette, samt bruk av retningslinene for den einskilde ordning.

Tiltak d. Tettare og systematisk rådgiving/oppfølging av tilskotsfeltet/tildelingar

Avdelinga vil ha kontinuerleg fokus på at handsaminga er i samsvar med gjeldande rett og fylkeskommunale retningslinjer, og seksjonsleiarane vil ha eit særleg ansvar for eiga tilskotsforvaltning.

Tiltak e. Etablering av samarbeid med regionalavdelinga gjennom oppretting av eit samarbeidsfora

Kultur- og idrettsavdelinga vil kalle inn til møte i samband med gjennomføringa av dette tiltaket tidleg på våren 2015. Det har vore gjennomført innleiande møte på direktørnivå om dette.